

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 23. januar 2018

Frå: Fylkesrådmannen

Suppleringsval til fagopplæringsnemnda 2016 - 2020

Viser til FU-sak 145/15 Val av fagopplæringsnemnd for perioden 2016 – 2020. Følgjande valde representantar har no trekt seg frå verva i fagopplæringsnemnda:

- Medlem og varamedlem frå NHO
- Observatør frå opplæringskontora sitt samarbeidsutval (OKSU).

Medlem og varamedlem for NHO har fått nye stillingar og har flytta frå Sogn og Fjordane. NHO Sogn og Fjordane og NHO Hordaland er frå 1. august 2017 slått saman til ein region. Ny regiondirektør Tom Knudsen er innstilt som nytt medlem og Mikael Johansen, Westcon Yard, som ny varamedlem.

OKSU har i sitt reglement at det er leiar for OKSU som skal sitje som observatør i fagopplæringsnemnda og nestleiar som varamedlem. OKSU har no vald ny leiar Roald Standnes og ny nestleiar Bjørn Kvalheim.

Lærling/lærekandidat og elevrepresentant har valperiode på to år i nemnda. Nye medlemar for valperioden 2018 – 2020:

Lærling/lærekandidat:

Medlem: Elisabeth Solhaug

Varamedlem: Anne Linn Stølen

Elev:

Medlem: Festus Kwizera

Varamedlem: Ole Kenneth Lerum Hollekve

Førre suppleringsval til fagopplæringsnemnda vart gjort ved at FU fekk eit slikt notat frå fylkesrådmannen. Eg legg til grunn at dette kan gjerast slik også denne gongen.